



Rådmannen gjev signal om snarleg breibandutbygging til innbyggjarane øvst i Uskedalen.

**Den nye rådmannen, Odd Ivar Øvregård, kom i siste formannskapsmøte med eit svært positivt signal om utbygging av breiband til dei øvre delane av Uskedalen. Han lova at det kan skje lynkjapt slik at arbeidet bør starta snarast.**

Det er rundt 100 husstandar i kommunen som framleis har radiobasert internett. Rådmannen tenkjer seg ei avtale med breibandselskapet og innbyggjarane om kostnadene. Løysinga kan verta at kommunen gjev ei mindre støtte, og at den forskotterar pengar frå fylkeskommunen.

Det er no ledig gravekapasitet i marknaden, og dermed mogeleg å gjennomføra det heile raskare og billigare. Det radiobaserte nettet er ustabil og har lege nede frå tid til annan. Rådmannen etterlyste kritiske røyster mot den framgangsmåten han hadde skisserte, men det kom ingen!

Tekst og nett: Grenda og Ola Matti Mathisen  
Arkivfoto: Grenda